



MØTEBOK

UTVAL:	VILLREINNEMNDA FOR SETESDALSOMRÅDET
MØTESTAD:	Telefonmøte
DATO:	23.02.2015
TIDSPUNKT:	12:00 – 12:45

FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Olav Sukka	Medlem	SULDAL
Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL
Olav Tveita	Medlem	ODDA
Marit Taksdal	Medlem	BYGLAND
Torbjørn Fjermestad	Medlem	GJESDAL
Margrete Handeland	Medlem	HÆGEBOSTAD
Leif Roholdt	Medlem	KVITeseID
Margareth Gjøse Larsen	Medlem	FORSAND

FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:

Ann Helen Jupskås	Medlem	TOKKE
Margit Dale	Medlem	VALLE
Lill Laugaland	Medlem	HJELMELAND
Geir Christian Enger	Medlem	NISSEDAL
Helge M. Tonstad	Medlem	SIRDAL
Tina Dyrstad Fossdal	Medlem	KVINESDAL
Tordis Breivik	Medlem	FYRESDAL
Kay Jeiskelid	Medlem	BYKLE

VARAMEDLEMMAR:

--

ANDRE:

Jørn Haug Sekretær

MERKNADAR TIL SAKSLISTE/INNKALLING:

Ingen merknader.

Åseral, 25. februar 2015

for Villreinnemnda for Setesdalsområdet

SAKLISTE

Utvalsnr.:	Innhold:	Lukka:
PS 15/1	Referatsaker	
PS 15/2	Forslag til forenkling av utmarksforvaltninga - uttale til fagrapport	



FORSLAG TIL FORENKLING AV UTMARKSFORVALTNINGA - UTTALE TIL FAGRAPPORT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
	2015/90	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/2	Villreinemnda for Setesdalsområdet	23.02.2015

Vedlegg:

1 Forslag til forenkling av utmarksforvaltninga - rapport fra faggruppe, desember 2014

Bakgrunn:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnemnde 7.7.2014 ei faggruppe med mandat å foreslå tiltak for å forenkle utmarksforvaltninga. Faggruppa skulle ta utgangspunkt i regjeringserklæringa pkt. 8 «Levande lokaldemokrati». Faggruppa fekk i oppdrag å leggje følgjande til grunn for arbeidet:

- Brukarane skal oppleva ein vesentleg forenkling i forvaltninga og sakshandsaminga
- Kommunen skal få større ansvar og mynde innan utmarksforvaltninga

Faggruppa har vore sett saman av ; Eva Irene Falleth (professor NMBU), Jørgen Hoffmann (tidlegare fast tilsett i Statskog) og Nikolai K. Winge (førsteamanuensis i rettsvitenskap NMBU). Undervegs har faggruppa hatt møter med interessegrupper, organisasjonar, myndigheiter mv.

Faggruppa har sett det naudsynt å avgrense temaområdet, mellom anna omhandlar rapporten ikkje tema som energiutbygging, mineralutvinning og kulturminneforvaltning.

I Kap. 1.3 i rapporten beskriv faggruppa utmarksforvaltninga som fragmentert og sektorisert med mange offentlege forvaltningsoppgåver. Utmarka vert omtala som «regimenes slagmark» der sektorinteresser i stor grad bestemmer forvaltninga av området. Mellom anna vert det peikt på at nye lover er vedteken og nye organ har kome på plass utan at dette i tilstrekkeleg grad er samordna med eksisterande forvaltning. Faggruppa syner og til innspel frå brukarar om at de opplev forvaltninga som «..kompleks, uoversiktlig og til dels utilgjengeleg».

Faggruppa har i kap. 6 kome med ei rekke forslag til tiltak. For nokre av tiltaka vil det vera naudsynt med lovendring/forskriftsendring. Ei samanfating av forslaga er lista opp under:

Større ansvar til kommunane

- Forvaltning av verneområde som i sin heilskap ligg innafør kommunegrensa vert lagt til kommunen
- Vernemyndigheita bør få vedteken delegasjonsreglement for alle unnatak- og dispensasjonsbestemmer i verneforskrifta. Moglegheit for delegasjon til den einskilde kommune.
- Omsynet til naturbasert reiseliv bør i større grad takast inn i forvaltningsplanar

Førstelineansvar for kommunane

- Kommunen som førstelineansvarleg for brukarar som vender seg til forvaltninga – «ei dør for brukarane». Stikkord: mottak, vidareformidling og rettleiing

Kapasitet og kompetanse i kommunane

- Systematisk opplæringsstilbod for kommunane innan utmarksforvaltning
- Utarbeiding av særskilt rettleiar for kommunen sitt arbeid med utmarksforvaltning

Faggruppa syner og til ekspertutvalet for kommunereforma og ser det som viktig at handsaming av utmarkssaker skjer med tilstrekkelig distanse til brukarinteresser. Dette for å ivareta naudsynt habilitet og rettstryggleik. Dette vil vera enklare i større kommunar.

Utmarksstyre

Faggruppa peiker på at enkelte ressursar finnast i store samanhengande naturområde og må forvaltast heilskapleg på tvers av administrative grenser. Dette gjeld særleg større verneområde, villrein, og reindrift. Faggruppa meiner slike ressursar bør forvaltast av *eitt* organ på nivå over enkeltkommunar. Dette for å gi ei heilskapleg avveging av viktige vern- og brukarinteresser. Konkret foreslår faggruppa:

- Verneområdestyre og villreinnemnder bør slås saman til eit utmarksstyre. Villreininteressene bør vera representert.
- Verneområdestyret skal vera breitt sett saman men med eit avgrensa tal medlemmar.
- Verneområdestyret bør nemnast opp av Miljødirektoratet på forslag frå kommunane. Sekretariat og arbeidsgjevaransvar vert lagt til fylkesmannen.

Naturoppsyn SNO

- Prioritering av reine oppsynsoppgåver. I mindre grad rettleiing, informasjon, skjøtsel mv.

Kunnskap om naturressursar

- Nasjonal kartlegging av naturverdiar og naturmangfold i Noreg

Meir tydeleg og samordna nasjonal politikk i utmark

Oppnemning av eget lovutval for utmark

Sekretær syner elles til oppsummering av tiltaka i kap. 6.13 i rapporten.

Vurdering:

Fleire offentlege organ har, på ulikt vis, ei rolle i forvaltning av villreinareala; fylkesmannen, fylkeskommunane gjennom dei regionale planane (Heiplanen i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhe), kommunane gjennom planlegging etter plan- og bygningslova, verneområdestyre og villreinnemnder. Det er ikkje gjeven at ei slik organisering er optimale, og det er sunt med saker som skaper debatt kring dette.

Faggruppa foreslår ei rekke endringar i utmarksforvaltninga. Fleire av forslaga frå vil verka inn på forvaltning av villreinareala, og det er naturleg at villreinnemnde gir uttale i saka.

Om mandat og avgrensing av faggruppa sitt arbeidet

Villreinen er ein arealkrevjande art der forvaltninga av leveområda må skje på tvers av administrative grenser og der villreinens områdebruk varierer gjennom året og over tid. Føringar gjeven i naturmangfoldlova om føre- var prinsippet, samla belastning, sumeffekt og økosystemtilnærming er føresetnadar for ei god forvaltninga av villreinareala. I ein slik samanheng synast mandatet for arbeidsgruppa å ha vore for snever, der enklare forvaltning og sakshandsaming er det styrande, og med brukarperspektivet som viktigaste premiss for forslaga.

Av kap. 1.1 i rapporten går det fram at eventuelle negative konsekvensar for naturmangfoldet skal beskrivast. I fagrapporten synast dette å vera gløymd. Alternativt har faggruppa vurdert det slik at forslaga til endringar ikkje verkar inn på naturmangfoldet.

Avgrensing av arbeidet mot andre tema

Faggruppa har hatt avgrensa tid til rådighet og det er forståeleg at det har vore naudsynt å avgrense arbeidet slik det er gjeven greie for i kap. 1.4 . Til dømes tar ikkje rapporten for seg tema som energiutbygging. Faren med dette er at ein ikkje får ei heilskapleg tilnærming til eventuelle endringar i utmarksforvaltninga. Faggruppa har sjølv omtala det problematiske ved at utmarksforvaltninga synast å vera fragmentert og sektorisk. Det kan det vera mykje rett i, men i så fall må svaret vera ei breiare tematisk tilnærming enn det som her er tilfelle.

Meir ansvar til kommunane

Ei enklare forvaltning og større ansvar til kommunane ligg til grunn for forslaga frå faggruppa. Det er faggruppa sitt syn at fleire oppgåver til kommunane vil bidra til ei meir heilskapleg utmarksforvaltning. At så vert tilfelle er ikkje innlysande. Til dømes var forskjellig forvaltningspraksis i kommunane noko av grunngevinga for val av ny forvaltningsmodell i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde. For å ta vare på villreinen sine leveområde er det vesentleg med heilskap og forvaltning på tvers av administrative grenser. Det er ikkje gjeven at ein oppnår dette ved å legge meir ansvar til den einkilde kommune.

Sektororgan som fremmer sine interesser på bekostning av andre viktige omsyn

Faggruppa peiker på at interesser og omsyn i utmarksforvaltninga ikkje alltid kan vegast ut frå ein felles målestokk. Konsekvensane av dette er at lovgivinga opnar for breie, skjønsmessige vurderingar men med fare for at enkelte sektororgan legg så stor vekt å fremme «sine» interesser og at det går ut over andre viktige omsyn.

Det er ei sær viktig og relevant problemstilling som her vert teken opp. Ikkje minst har den gjort seg gjeldande i kraftutbyggingssaker (vindkraft) i nasjonale villreinområde. Erfaringane så langt er at utbygging av fornybar energi sett til side dei fleste andre omsyn, inkludert omsyn til villrein i nasjonale villreinområde. Problemstillinga bør stå sentralt i ei eventuell utforming av nasjonal utmarkspolitik slik faggruppa tar til ordet for.

Oppretting av utmarksstyre

Villreinnemndene er det einaste offentlege organ som opererer på tvers av administrative grenser og med heile villreinbestandens leveområde som ansvarsområde. Dette er ein klar føremon og føresetnad for å kunne ivareta ein så arealkrevjande art som villreinen. Faggruppa foreslår at verneområdestyrer og villreinnemndene vert slått saman til eit utmarksstyre og at dette overtar dei oppgåvene som ligg til begge organa i dag. Det faglege grunnlaget for dette er tvilsamt. Ei evaluering syner at villreinnemndene etter omorganiseringa fungerer godt. Forslaget er og ein smule provoserande når ein i rapporten ser at villreinnemndene ikkje står på lista over forvaltningseiningar som har blitt rådspurt i prosessen.

Av kap. 6.4 i rapporten går det fram at «Faggruppen mener at slike ressurser (les større verneområde og villrein)bør forvaltes av ett organ på nivå over enkeltkommuner. Dette vil gjøre det mulig å foreta en helhetlig avveining av viktige vern- og bruksinteresser». Villreinnemnda støtter ei slik tilnærming fullt ut men stiller seg tvilande til om ein oppnår dette i praksis. Følgjande problemstillingar synast ikkje å vera vurdert og med den konsekvensen at forvaltning av villreinareala vert meir fragmentert:

- Kva type overordna organ er tenkt i villreinområde *utanfor* verneområde, til dømes Setesdal Austhei (nasjonalt villreinområde) og Våmur-Roan villreinområde? Skal villreinnemnda halde fram i slike område eller skal det erstattast av eit anna overordna organ?
- Kva med dei tilfella der delar av villreinområde ligg *utanfor* verneområdet, til dømes slik tilfelle er for store delar av Setesdal Ryfylke villreinområde?

I eit utmarksstyre vert det foreslått at «*villreininteressene bør vera representert der dette er relevant*» Ei slik formulering/intensjon kan innebere ei kraftig nedtoning av villreininteressene. Kva og kven er villreininteresser i denne samanheng, og korleis skal desse veljast inn?

Nasjonal utmarkspolitik

Faggruppa foreslår utforming av ein meir tydeleg nasjonal utmarkspolitik og at dette må speglast i lovgivinga. Villreinnemnda støtter dette og føreset at omsyn til villreinen som nasjonal ansvarsart vert sikra slik det er føreset gjennom dei regionale planane for villreinfjella.

Framlegg til uttale:

Villreinnemnda syner til rapport om Forenkling av utmarksforvaltninga. Fleire av forslaga i rapporten grip inn i forvaltninga av villreinareala. Villreinnemnda har følgjande merknadar til rapporten og forslaga i denne:

- *Forvaltning av villrein og villreinareal krev ei langsiktig og geografisk brei tilnærming. Ved forslag til endringar i utmarksforvaltninga bør ein difor nærme seg tematikken med eit breiare mandat enn det som ligg til grunn for rapporten.*
- *Til faggruppa sitt arbeid var det stilla krav om beskriving av eventuelle negative konsekvensar for naturmangfoldet. Ei slik beskriving synast ikkje å vera gjort, til dømes når det gjeld faren for ein meir fragmentert forvaltning av villreinareala slik det er peika på i saka.*
- *Rapporten er avgrensa mot fleire tema, til dømes energi. Dette gir ein lite heilskapleg tilnærming til endringar i utmarksforvaltninga*
- *Villreinnemnda vil peike på ein særleg trong for heilskapleg forvaltning av villreinareal på tvers av administrative grenser. Villreinnemnda er tvilande til at ein oppnår dette ved å leggje meir ansvar til kommunane.*
- *Faggruppa tar opp ein viktig problemstilling knytt til at lovgivinga opnar for breie skjønsmessige vurderingar men med fare for at sektororgan fremmer sine interesser på bekostning av andre viktige interesser. Villreinnemnda ser at dette særleg gjer seg gjeldande innanfor energisaker. Problemstillinga bør står sentralt i utforming av ein nasjonal utmarkspolitik.*
- *Oppretting av utmarksstyre med dei funksjonar som i dag ligg til verneområdestyre og villreinnemnda synast lite gjennomtenkt. Det vert synt til saksframstillinga. Villreinnemnda er uroa for at det i praksis gir ei meir fragmentert arealforvaltning og at det inneber ei nedtoning av villreinninteressene*

Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 23.02.2015

Som framlegg til vedtak men med enkelte presiseringar og tillegg:

Pkt. 1

Det må kome fram at villrein og må vera ein del av brukarperspektivet. I tillegg må det synast til at i tråd med internasjonale avtalar er villrein i ei særstilling.

Pkt. 4

2. setning vert endra til: «Villreinnemnda meiner at ein ikkje oppnår dette ved å legge meir ansvar til kommunane»

Pkt. 6

Vert endra til: «Oppretting av utmarksstyre med dei funksjonane som i dag ligg til verneområdestyre og villreinnemnd er lite gjennomtenkt og må greiast ut nærmare. Det vert synt til saksframstillinga. Villreinnemnda meiner at det som nå er foreslått i praksis gir ei meir fragmentert arealforvaltning og at det inneber ei klar svekking av villreininteressene»

Vedtak:

Villreinnemnda syner til rapport om Forenkling av utmarksforvaltninga. Fleire av forslaga i rapporten grip inn i forvaltninga av villreinareala. Villreinnemnda har følgjande merknadar til rapporten og forslaga i denne:

**I tråd men internasjonale avtalar er villrein i ei særstilling når det gjeld trong for ivaretaking av arten og leveområda. Forvaltning av villrein og villreinareal krev ei langsiktig og geografisk brei tilnærming. Ved forslag til endringar i utmarksforvaltninga bør ein nærme seg tematikken med eit breiare mandat der også villrein inngår i brukarperspektivet.*

**Til faggruppa sitt arbeid var det stilla krav om beskriving av eventuelle negative konsekvensar for naturmangfoldet. Ei slik beskriving synast ikkje å vera gjort, til dømes når det gjeld faren for ein meir fragmentert forvaltning av villreinareala slik det er peika på i saka.*

**Rapporten er avgrensa mot fleire tema, til dømes energi. Dette gir ein lite heilskapleg tilnærming til endringar i utmarksforvaltninga*

**Villreinnemnda vil peike på ein særleg trong for heilskapleg forvaltning av villreinareal på tvers av administrative grenser. Villreinnemnda meiner at ein ikkje oppnår dette ved å leggje meir ansvar til kommunane.*

**Faggruppa tar opp ein viktig problemstilling knytt til at lovgivinga opnar for breie skjønsmessige vurderingar men med fare for at sektororgan fremmer sine interesser på bekostning av andre viktige interesser. Villreinnemnda ser at dette særleg gjer seg gjeldande innanfor energisaker. Problemstillinga bør stå sentralt i utforming av ein nasjonal utmarkspolitik.*

**Oppretting av utmarksstyre med dei funksjonane som i dag ligg til verneområdestyre og villreinnemnd er lite gjennomtenkt og må greiast ut nærmare. Det vert synt til saksframstillinga. Villreinnemnda meiner at det som nå er foreslått i praksis gir ei meir fragmentert arealforvaltning og at det inneber ei klar svekking av villreininteressene.*